



## Notat

Dato: 05.02.2018  
Arkivsak: 2018/64-3  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

---

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

Frå: Fylkesrådmann

---

### Svar til PS 156/17 Ymse KIRU 5.12.2017 Spelemidlar til fleirbrukskall

#### Bakgrunn:

Fylkesrådmannen viser til protokoll i sak 156/17 Ymse i møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 5. desember 2017:

*Medlem May Eva Sandvik (H) ønskte svar på konsekvensane av at ein kommune nyttar spelemidlar til fleirbrukskall men definerer om bygget til skulebygg.*

#### Svar:

Som generelt prinsipp gjeld at spelemidlar kan tildelast både til anlegg for idrett og fysisk aktivitet og til kulturbrygg. Både Kulturdepartementet og Hordaland fylkeskommene har gjennom sin etablerte praksis ønskt å legge til rette for anlegg med sambruk og stort brukspotensiale som verkemiddel for å innfri nasjonale mål på anleggsfeltet.

Det gjeld også at spelemidlar ikke kan nyttast til å dekkje skuleføremål eller -bygg, men at dei kan nyttast til fleirbrukskall som del av skulebygg. For bruk av spelemidlar til idrettsføremål er dei viktigaste målgruppene barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Anleggseigar pliktar å halde anlegget ope for allmenn idrettsleg verksemd i 30 år frå ferdigstilling av anlegget.

Om ein kommune definerer om ein fleirbrukskall til eit reint skulebygg og det ikke vert tilgjengeleg for alle utanom skuletid, vil dette kunne få som konsekvens at spelemidlar må trekka inn.

Spørsmål om liknande tema vart reist av Lindås kommune v/ ordføraren på sms 7. desember 2017. Fylkesrådmannen finn at det kan opplyse saka å referere fylkeskommunen sine svar v/ fylkesdirektør kultur og idrett.

Lindås kommune:

*Stemmer det at kommunen ikke kan få spelemidlar når ein fleirbrukskall er ein del av skule – kombinert anlegg.. ?*

HKF:

*Sambruk er ei god ordning som det vert oppmoda til. Men, iflg departementet sine føresegner skal bruken vere i samsvar med søknad og vedtak om støtte. Dersom ein endrar på dette skal ein søkje*

*bruksendring til departementet med kopi til fylkeskommunen. I praksis betyr det at spelemidlar ikkje skal finansiere skuleføremål, men at sambruk kan vere bra.*

Lindås kommune:

*Så då kan storstova som ei ein mindre fleir brukshall vere tett integrert i skulen og få tippemidlar? Den blir brukt for alle lag og organisasjonar. Debatt i kommunestyret om skjenking.*

HFK:

*Ja, det vil eg tru. Eg kjenner ikkje saka godt nok, men det føreset i alle fall at det er ein fleir brukshall og ikkje berre vert gymsal for skulen. I nokre saker der ein har sambruk ser ein døme på at skulen pressar kulturen og idretten ut av lokala. Det vil i så fall vere eit brot på vilkåra for spelemidlane. Løysast vel best gjennom gode bruksavtalar... Skjenkepolitikk er kommunen sitt ansvar. Der seier ikkje føresegne om spelemidlane noko som helst.*

Lindås kommune:

*Takk for gode svar.*

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*